



Naturvernforbundet

Årsmelding 2022 for Naturvernforbundet i Kvam

Årsmøtet vart halde på Hardanger fartøyvern-senter 10. mars 2022 med seks deltakarar. Klaus Rasmussen attvald som leiar i laget. Marte Soldal vart vald som ny styremedlem for to år, Oddvar Soldal vart attvald for to år. Tonje Gauden og Tord Torpe var ikkje på val. Varamedlemer til styret for eitt år, vart: Sissel Huse, Eli Gauden, Lars Arvid Oma og Bas van der Wiel. Då styret konstituerte seg vart Tonje Gauden vald til kasserar. Både Tord Torpe og Marte Soldal flytta i løpet av året. Marte deltok på eit styremøte, Tord møtte ikkje. Bas har rykt opp i styret og Oddvar har vore skrivar. Til all lukke har varamedlemene vore flittige og stilt på styremøta. Valnemnd: Håvard Gjerde og Hanne Sivertsen. Revisor: Elisabeth Fremgård. Etter årsmøtet heldt professor Jostein Bakke føredrag om: Globale klimaendringar sett frå Folgefonna.

Uttalar frå årsmøtet

Årsmøtet vedtok to uttalar som begge fekk omtale i lokalmedia: I den eine oppmoda me Kvam herad om å vera ein føregangskommune i å regulera bruken av unødvendig lys, **«Nattemørket er viktig for alt liv. Det livsviktige og energisparande mørket»**. Dette temaet er teke opp i heradet, mellom anna i førearbeidet til ein ny områdeplan for Kvamskogen. I den andre uttalen støtte me arbeidet men ein felles overordna forvaltingsplan for Hardangerfjorden. **«Me treng ei felles forvaltning av Hardangerfjorden»** Når det gjeld planen for Hardangerfjorden har Hardangerrådet hadde møte om planen saman med fylkeskommunen.

Som elles i landet, er det også aukande interesse for naturvernarbeidet i Kvam. Medlemstalet stig og i 2022 hadde laget 109 medlemer. Det har vore halde fire styremøte med godt frammøte, lærerike diskusjonar og vilje til å få gjort noko. Me har hatt innlegg i lokale media og fått redaksjonell omtale ved fleire høve i

lokalavisene i Voss, Hardanger og Bergen.

Me kan visa til ein ny nettside

<https://naturvernforbundet.no/hordaland/lokallag/kvam/>

for lokallaget med informasjon og uttalar.

Deltaking og ulike tilskipingar

Tonje representerte laget i referansegruppa for områdeplan for Øystese. Der ventar dei på ein flaumsikringsplan for elva og det har ikkje vore formelle møte 2022. Oddvar representerte laget i referansegruppa for ny kommunedelplan for Kvamskogen. Han deltok på eit kommunalt startseminar i april og på møte i referansegruppa for planen i desember. Laget hadde fleire merknadar til planprogrammet i eit brev i april. Klaus er valt inn i det sentrale vassdragsvernutvalet i Norges naturvernforbund.

Oddvar har vore styremedlem i Naturvernforbundet Hordaland siste halvdel av 2022 etter å ha vore 1. vara i fleire år. Det har vore nyttig ma for arbeidet med lokallag i Hardanger og andre saker i Hardanger: td. Reguleringsplan for Tryglavik i Jondal.

Laget støtta klesbytedagen som vart skipa til i Vikøy i april av folk utanfor Naturvernforbundet. Hardangerfjordseminaret var heldigvis tilbake i mai. Lars Arvid og Oddvar deltok for laget. Svært godt seminar, men litt færre deltakarar enn før pandemien.

Me hadde ope møte med spekkhoggarforskar Eve Jourdain 29. mai med i underkant av 40 deltakarar. Spekkhoggarane har i periodar vorte i vanleg syn i fjorden. Dei vandrar i flokk etter mat, td. nise.

Tidleg haust var det plastrydde-aksjonen i heile Hardangerfjorden. Dette var organisert av Kenneth Bruvik saman med fylkeskommunen og oppdrettsnæringa. Naturvernforbundet rydda langs Movatnet og Steinsdalselva, 10 personar deltok.

Nasjonalpark

Planane om nasjonalpark kom eit steg vidare då Statsforvaltaren hadde møte med herad og orienteringsmøte, fyrst og fremst for grunneigarane våren 2022. Kjell Inge Tyssen deltok på styremøtet vårt 7 november, der me diskuterte strategi og gjekk inn for å støtta utgreiinga. Kommunestyret skal i 2023 seia frå om dei vert med på vidare prosess med registrering av naturverdiar.

Prosjekt Movatnet Sidan 2019 årsmøtet, då me hadde fuglelivet og zipline ved Movatnet som tema, har styret i Naturvernforbundet i Kvam arbeidd for å ta vare på området.

I 2021 fekk me 20.000 kroner i støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger til forprosjektet: «Reint rundt Movatnet». Med hjelp av COWI v/ Oddmund Soldal vart det gjort registreringar som viser at miljøgifter og avrenning frå fyllingar over tid vil renna ut i vatnet. Dette vart gjort kjent i ein rapport og gjennom HF våren 2022.



Sein hausten 2022 hadde Klaus og Oddvar møte med administrasjonen i Kvam v/ Jon Nedkvitne og fleire der me skisserte vidare arbeid med elva og vatnet: Ta vare på våtmarksområdet, gjera det kontrollert tilgjengeleg, rydda i ureining langs elva. Målet er å ta vare på naturverdiane i eit unikt sentrumsnært område. Vidare arbeid skal skje i lag med heradet, grunneigarar, grendautval og andre organisasjonar.

Tryglavik i Jondal. Jondal kommune starta i 2018 arbeidet med realisering av eit biogassanlegg. 4 år etterpå har dei bestemt at anlegget skal lokalisast til Tryglavik ved Sollesnes. Naturvernforbundet går sterkt imot plasseringa og meiner den kommunale planprosessen er mangelfull. Området bør heller innlemmast i Gullbergnotten naturreservat som grensar til Tryglavik. Les vår uttale på

<https://naturvernforbundet.no/hordaland/lokallag/kvam/>



Tryglavik ved Solesnes

Prosjekt nytt lokallag i Hardanger

Det siste tiåret har mykje av naturvernarbeidet i Kvam konsentrert seg om fjorden med eit ekstra fokus på oppdrettsnæringa. I andre naturøydeleggjande planar i Hardanger kjem naturverninteressene ofte for seint inn i biletet: td, Eidfjord Resort i Sysendalen og gondolbane til Rossnos i Odda. Fylkeslaget og Klaus har jobba for etableringa av eit lokallag i Ullensvang utan å lukkast. Me trur naturverninteressene vil få betre gjennomslag i eit større lokallag. Gode aktuelle døme er arbeidet med ei forvaltingsplan for fjorden og strandlinja; påvisinga av snarveggar og svikt hos det offentlege i plasseringa av biogassanlegg i Tryglavik.

Styret i Naturvernforbundet i Kvam går inn for at legge ned Naturvernforbundet i Kvam og reetablere oss i det regionale lag for Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Kvam. Dette vert ei eige sak på årsmøtet for 2023.

Naturvernforbundet i Kvam vart stifta som Kvam naturvernlag i 1987 med Gro Liland som fyrste leiar. Ein epoke er slutt og ein ny startar opp.

Velkomen til

**Årsmøtet på Grannehjelpa i
Norheimsund
torsdag 21. februar kl 1800**